



FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE SKAPANDE SKRIVING

1. Rammefaktorar for undervisning i kulturskulen

Time kulturskule sin grunnmur, generell del

1.1 Lovforankring

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.»

1.2 Lokal organisering

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske og kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturlivet. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

1.3 Visjon for Time kulturskule

«Kulturskulen tilbyr barn og unge oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistre det»

1.4 Overordna mål

Time kulturskule er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune. Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag. Verksemda bidreg til å løfte fram kunst og kultur som bærande element i det daglege liv og i samfunnsutviklinga generelt. Kulturskulen er eit ressurscenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

1.5 Pedagogisk plattform

Både drift og undervisning i Time kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskoleråd 2015-16) og tilhøyrande nasjonal fagplan.

Time kulturskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge busett i Time kommune.

Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen bidrar til barn og unge si danning, fremmer respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjer eigen identitet og utviklar eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod innan kulturskulen sitt grunnprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Tilboda er individuelt tilpassa den enkelte elev.

1.6 Tildeling av elevplass

Tildeling av elevplass skjer via elektronisk søknad. Søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje

Lærarane i Time kulturskule er tilsett etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde personlege arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kulturskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som t.d. skulekorpsa.

Den enkelte lærar har, med forankring i nasjonal rammeplan og fagplan, det pedagogiske ansvaret for sin undervisning. Lærarane arbeidar i pedagogiske team. Administrasjonen har det overordna pedagogiske ansvaret.

2. Rammefaktorar

2.1 Skapande skrivning

Stort og romsleg, men intimt undervisningsrom

Elevane kan ta med egne nettbrett når det er ønskjeleg.

(Eg tok ut setninga om datarom. Det finst ikkje lenger.)

Gode sitteplassar med bord og stolar til alle elevane

Gode lysforhald

Elevane skal ha eigen skissebok med linjeark

Eigen skrivemappe

Eigen loggbokføring

Elevane skal ha god skrivereiskap/blyantar/pennar

Elevane samlar alle sine tekstar i ei eiga bok ved slutten av kvart skuleår.

Tilgjengeleg rom med skriveprogram og datamaskinar ved behov Finst ikkje lenger

Undervisningsressurs 2 klokke timar pr veke på ettermiddagstid Har ikkje vore slik det siste året.

Nokre samlingar på helgedag med utflugt «skrive og opplevingsdag»

Undervisning i gruppe med 5 – 12 elevar, ikkje delingsgrupper etter alder/nivå

Fast timelærer

3. Fagplan

3.1 Skapande skrivning

Overordna mål

Overordna mål er at eleven skal få kunnskap om det å skrive, kjenne glede ved å skape egne tekstar, meistre språket i skapande skriftleg form, få utvikle sitt kunstnariske potensiale og oppleve mestringskjensle, noko som gir sjølvrespekt og byggjer eleven sin karakter.

Vi ønskjer at eleven skal kunne bruke skriveeigenskapen sin gjennom utøving og deling av innhaldet frå tekstane med andre. Eleven skal kunne fungere som ein ressurs i det lokale skule- og kulturlivet, til glede for seg sjølv og andre.

Målgruppe:

Elevar i grunnskulen frå 5. trinn som liker å skriva og vil utvikla «sin eigen skrivestemme».

Læraren sitt ansvar

Vera godt førebudd, ha god kommunikasjon med elev og heim, stille krav som er realistiske og oppmuntre eleven til innsats og deltaking. Rettleie tydeleg i kva og korleis

elevane kan arbeide for å kome seg vidare i læring og utvikling, melde tydeleg frå om eventuelle heimeoppgåver.

Eleven sitt ansvar

Møte til rett tidspunkt på timane, innarbeide gode øvingsrutinar, halde orden på beskjeder og materiell. Være førebudd til ny undervisningstime, følgje opp eventuelle heimeoppgåver. Ved fråvær skal ho/han gi beskjed til lærar. Elevar på mellom- og vidaregåande nivå skal ta del i val av fordjupingsoppgåver og nedfelle mål for undervisninga etter initiativ frå og i samarbeid med sin lærar.

Elevane har høve til å ta med tekstar dei har skrivne heime tilbake til timen for å få respons frå lærar og eventuelt frå resten av skrivegruppa.

Foreldre/ føresette sitt ansvar

Foreldre/føresette skal hjelpe og oppmode eleven til gode arbeidsvanar, innsats og eventuelt gjennomføring av heimeoppgåver. Ved fråvær skal dei gi beskjed til lærar eller kulturskulen sin administrasjon. Dersom eleven møter vanskar eller særlege utfordringar, skal foreldre/føresette ta kontakt med lærar og/eller administrasjon for på ein god måte å finne løysning på dette.

Foreldre/føresette skal støtte opp om aktuelle arrangement i kulturskulen.

Målsetting for faget

Elevane skal verte glade i å skrive og lese

Elevane skal utvikla eit personleg og sjølvstendig språk gjennom utforsking av skrivning og skrift

Elevane læra seg å uttrykkja eigne kjensler, meiningar og erfaringar, og slik utvikle identiteten sin.

Elevane skal få øva seg i å oppfatta bodskap og verkemiddel i ulike slag tekstar

Elevane skal verta dristigare i å bryta med vanetenking og ordinær språkbruk

Elevane skal læra seg å bruka verktøy for tekstutforming, tradisjonelle og elektroniske

Elevane skal få mulighet til å utvikla evna til å vurdere eigne og andre sine tekstar

Elevane skal få øving i prosessorientert skrivning

Dei skal få ta del i val av tema og aktivitetar

Læring om ulike teknikkar og genre, refleksjon

Skapande skrivning skal først og fremst vera eit fagfelt der elevane får høve til å arbeida med eigne erfaringar og tekstar gjennom sjølvstendig arbeid. For å meistre dette, treng dei innføring i teknikkar og uttrykks- middel som gjeld dei ulike sjangrane i skriftspråket. For lyrikk vil dette i byrjinga kunna vera linjedeling, samanlikning og gjentakning. Så kan ein laga meir originale arbeid som dannar grunnlaget for kommentarar og utveksling av skriveerfaringar.

Læraren skal sleppe elevane tidleg til med eigne ord, og støtte og rose bruken av eigne erfaringar og eige språk, slik at dei lærar seg at dette er verdfulle

byggjesteinar i prosessen vidare. Ved seinare høve kan læraren trekkja inn døme frå andre - i samtidslitteraturen, frå songtekstar og litteratursoga - for å illustrera problemstillingar som dukkar opp i deira eigne arbeid.

Å søkja å innføra likeverd mellom elevane sine egne tekstar og profesjonelle sine tekstar skapar auka evne til kritisk sans og mot til å ha meiningar om både egne og andre sine tekstar. Læraren skal derfor leggje til rette for at elevane får trening i å vurdere kvarandre sitt arbeid. På den måten styrker ein evna til tolking og forståing, og evna til å gi kvarandre konstruktiv tilbakemelding, både medan tekstane blir utvikla og etterpå. Skrivning er eit langsamt medium. Når vi skriv produserar vi tankar og refleksjon.

Presentasjon av ferdige tekstar for andre

Det er viktig at elevane av og til får sjå tekstane sine som eit ferdig produkt. Derfor har me kvart år laga ei bok der kvar einskild elev får presentera sine tekstar.

Me har og laga små bøker der me saman har skrive ein historie. I samband med utgjeving av bok, har me avslutta vårsemesteret med å invitera familie og andre interesserte til «releaseparty» med bevertning, musikkinnslag og opplesing.

Time kulturskule legg stor vekt på tverrfagleg samarbeid. Dette skaper gode samarbeidsprosjekt. Kunstfagelevane har laga illustrasjonar til våre tekstar, og me har og ambisjonar om å jobba motsett, det vil seia at skriveelevane skriv tekstar til uttrykk frå kunstfagelevane.

Elevar på skapande skrivning får også oppdrag i samband med konsertar og førestillingar der dei blir utfordra til å presentera egne tekstar for eit publikum.

Dersom elevane sjølv ikkje ønskjer å lese opp sine tekstar, har vi nytta elevar på drama eller faglærer til dette.

Undervisningstimen

Læraren møter i god tid og tek godt i mot eleven. Undervisningssituasjonen skal vera forutsigbar og trygg. Læraren motiverer og oppmuntrar til glede over mestring, kunstnarisk skaping, utøving og læring.

Læraren deltek aktivt i arbeidet med å skriva saman med elevane, slik at hovudmetoden blir kreativ samskriving.

Me vil skriva alle slags tekstar med utgangspunkt i ulike metodar for sprudleskriving», og med utgangspunkt i tankeøvingar, litterære tekstar eller samtalar i gruppa. Elevane får jamleg høve til å gi einannan respons, og dei vil få sine tekstar presenterte for resten av gruppa. Elevane skriv loggbok kvar gong, og får respons frå lærar. ta seg tid til å bearbeide arbeidsoppgåver og opplevingar frå ulike situasjonar i lag med eleven.

Gruppeundervisning

Sidan dette er eit gruppefag, må metodikken vera slik at me ofte har same utgangspunktet for tekstar, men elevane blir heile tida oppmuntra til å våga å eksperimentera og til å våga å sjå og finne ut av ting på sin eigen måte.

I skriveundervisninga tek me oss tid til lek og oppvarmingsøvingar kvar gong me møtest. Dette gjer me for å skapa ei trygg og open gruppe og for å varma opp slik at eigen kreativitet skal vera godt tilgjengeleg når skriveøkta tek til.

Element i opplæringa

Opplæringa vil ha ein naturleg progresjon med aukande vanskegrad tilrettelagd for den

enkelte elev. Undervisninga skal ha ein kombinasjon av kjend stoff og nye utfordringar for vidareutvikling. Eleven vert heile tida rettleia og ført vidare på den kunstnariske vegen av sin lærar. Det er viktig å presisere at alle elevar skal ha eit eige tilpassa undervisningstilbod og at progresjon og utvikling vil vera individuell.

Skapande skrivning som del av 10.trinnprosjektet

Kulturskulen har ekstra tilbod om valfri deltaking i skrivegruppe for manusarbeid til ungdomsførestillinga av og med elevar på 10.trinn frå kulturskule og skulekorps. Denne skrivegruppa utarbeider tema, tekstinnhald og replikkar til ei heil førestilling godt rettleia av faglærar på skapande skrivning.